



## NOREGS HØGSTERETT

Den 9. mars 2012 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Gjølstad, Utgård og Matheson i

**HR-2012-00533-U, (sak nr. 2012/249), sivil sak, anke over dom:**

Suraia Rais (advokat Per Danielsen)

mot

Åsne Seierstad  
Cappelen Damm AS (advokat Cato Schiøtz)

gjort slikt

### V E D T A K :

Suraia Rais har anka Borgarting lagmannsretts dom 7. desember 2011 i sak nr. 10-155631ASD-BORG/03 mot Åsne Seierstad og Cappelen Damm AS.

*Høgsteretts ankeutval* finn samråystes at det ikkje er tilstrekkeleg grunn til at anken blir behandla av Høgsterett, jf. tvistelova § 30-4. Anken blir derfor ikkje tillaten fremja.

Ankemotpartane har sett fram påstand om sakskostnader. Påstanden blir teken til følgje, og beløpet blir sett til 6 000 kroner.

### S L U T N I N G :

Anken blir ikkje tillaten fremja.

I sakskostnader for Høgsterett betaler Suraia Rais til Åsne Seierstad og Cappelen Damm AS i fellesskap 6 000 - sekstusen - kroner innan 2 - to - veker frå forkynninga av vedtaket.

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Rett utskrift:

Liv Gjølstad  
(sign.)

Wilhelm Matheson  
(sign.)

